

# Region vest



Misjonærparet Marius (-på øverste rekke) og Karoline Bergersen (oppe til høyre) ønsker at deres hjem kan bli et sted hvor de kan invitere studenter til hvile, latter, bibelstudier og bønn.

FOTO: KELLIE NICHOLAS

## JAPAN I VÅRE HJERTER

I millionbyen Kobe i Japan åpner misjonærene Marius og Karoline Bergersen hjemmet sitt for japanske studenter.

LES MER SIDE 43



Region vest

Adresse:  
Sigurds gate 6, 5015 Bergen

Telefon: 55 90 48 00  
E-post: vest@nlm.no  
Gavekonto: 8220. 02. 90131

Ansvarlig redaktør:  
Per Byrknes

## INNSPILL



**GRO BJØRNDAL**  
felleskapskonsulent

## Kva brenn du for?

Kva drøyer du om skal skje på bedehuset ditt, i misjonsforeininga di, i nabolaget ditt?

Nokon vil kanskje svara at «me treng be meir». Ofte er det folk med bønnegåva som ivrar for meir bønn. Og bønn er viktig!

Andre vil kanskje seia at «me må fortelja om Jesus til dei som ikkje kjenner han». Det er gjerne dei med evangelistgåva som seier dette. Og evangelisering er viktig!

Andre igjen brenn for møtesamlingane, at dei må ha ei form og eit innhald som gjer at dei føler dei får noko av å gå der. Og møta er viktige!

**Kjedereaksjon.** «Som Far har sendt meg, sender eg dykk!» sa Jesus til læresveinane. Derifrå har ordet om Jesus vorte fortalt frå person til person og generasjon til generasjon, heilt fram til oss. Og som andre har kome til oss, er det no me som må gå vidare.

Samtidig må me erkjenne at mange ting har endra seg. Folk tenkjer og handlar annleis i 2018 enn dei gjorde i 2000 eller i 1970. Kva dei tenkjer om Gud har også endra seg.

**Når me ut?** Innhaldet i arbeidet vårt er det same – at Gud elsker kvar einaste ein, slik som me er. Derfor vart han menneske, i Jesus, og betalte for alle våre feil og manglar. Men når denne bodskapen fram til folk, til naboen vår, gjennom det arbeidet me driv i dag? Om svaret er nei, kva må då til for at det skal nå fram? Kva endringar må me gjera, privat

*«Folk tenkjer og handlar annleis i 2018 enn dei gjorde i 2000 eller i 1970. Kva dei tenkjer om Gud har også endra seg.»*

eller på bedehuset, for at folk rundt oss skal få del i det som me har fått del i?

Svara kan variera, men både bønn, personlege samtalar og inspirerende møtesamlingar er gjerne ein del av svaret. Kva brenn du for? Start gjerne der.



Godt med matpause på Sogn skisenter

FOTO: INGEBRIGT NORBAKKEN

## FLOTT PÅSKELEIR PÅ LYNNGMO

Ungdommene dannet eget forsangerteam for første gang.

TEKST HILDEGUNN OG INGEBRIGT NORBAKKEN

Tradisjonen tro, ble det også i år arrangert familieleir på Lyngmo ungdomssenter. Over 100 deltakere var samlet fra onsdag i den stille uke til 1. påskedag for å feire påske sammen. Særlig kjekt var det med så mange barn og unge – nærmere 60 stykker i alderen 1–18 år. Per og Cathrine Tveten var med som talere.

Påskeleiren på Lyngmo er kjent for sitt solide program med alderstilpassede bibelsamlinger, god tid til uteaktiviteter, super mat, innholdsrike familiesamlinger, bønnvandring med nattverd og forbønn for familier, temasamling og ulike aktiviteter i blant annet gymsalen på Lyngmo. Nytt av året var at ungdommene dannet eget forsangerteam som ledet lovsangen hele leiren. Det ble en flott opplevelse.

Det nydelige påskeværet bidro til at alle fikk utfolde seg i vakre vinteromgivelser i Sogn, enten det var på langrenn eller slalåm, og noen dro hjem med litt mer brunfarge i fjeset enn da de kom.

En stor takk til staben på Lyngmo som år etter år stiller opp og gjør en fantastisk jobb! Og takk til liten og stor som var med på å forme leiren til det den ble.



Hjemme hos Karoline og Marius Bergersen er det åpent hus for studenter.

## VEIEN VIDERE ETTER SPRÅKSTUDIER

Vi ber om at vårt hjem kan bli et sted hvor vi kan invitere studenter til hvile, latter, bibelstudier og bønn.

TEKST OG FOTO MARIUS BERGERSEN

De første to årene har vi fått mulighet til å bare være her. Studere språket, og fokusere på det. Enden på to års språkstudier nærmer seg, men det er fortsatt mye igjen å lære. Ved siden av språkstudiene har vi blitt med på leirer, samlinger, og blitt kjent med japanere fra både fjern og nær. Vi trives i lag med japanerne, og de trives til tider med oss også, virker det som, selv om vi sikkert har tråkket på mange tær.

**DIAKONI OG STUDENTER.** Vi setter stor pris på dere som har vært med og bedt for oss disse to årene. Vi vet det

har gjort at vi har blitt velsignet med trivsel og glede. Vi har sett, opplevd og tenkt mye siden vi kom til Japan. Det er utrolig mange mennesker, og like utrolig er det hvor få av dem som kjenner Jesus. Vi skulle så gjerne visst hvordan evangeliet kunne nå ut til enda flere Japanere, og spesielt til den unge generasjonen som vokser opp nå.

Diakoni og studentarbeid er noe som har blitt lagt på hjertene våre de siste årene. Vi ønsker at Guds kjærlighet skal nå ut til studenter gjennom både ord og handling. Hvilke arbeidsoppgaver vi skal ha, er ikke helt klart ennå, men noen planer ligger skissert foran oss.

**ÅPENT HUS.** I mars flyttet vi fra leiligheten vår på Gakuentoshi, til et hus, ikke mer en 10 minutter unna der vi bodde. Grunnen til det, er at vi får muligheten



til å åpne hjemmet vårt enda mer for studenter. For oss har alltid gjestfrihet vært viktig, og spesielt her i Japan. Vi tror japanerne har behov for å hvile, ha noen å snakke med, og noen som bare kan være der sammen med dem. Vi ber om at vårt hjem kan bli et sted hvor vi kan invitere studenter til hvile, latter, bibelstudier og bønn.

**MARIUS BERGERSEN**

Misjonær for NLM i Japan siden 2016

**Bor:** Kobe i Japan  
**Sivilstand:** Gift med Karoline  
**Fra:** Os  
**Utdannelse:** Master i diakoni



Marius Bergersen, som nå er utsending i Japan, møtte misjonærkallet på barneklubben på Hagavik.

FOTO: MARIUS BERGERSEN

## BARNEKLUBB TAR PAUSE

Etter 20 år er det no ikkje tilstrekkeleg med barn på Hagavik barneklubb.

Barneklubben vart stifta på Hagavik bedehus i 1997. Barneklubben har no teke ein pause, rett og slett fordi det ikkje kjem barn til oss. Det har vore innom om lag 85 barn og ungdomar siden starten.

I desse 20-åra har dei som har vore med som leiarar hatt eigne barn som har fått med seg sine naboar og venner. No har me kome til eit punkt der eigne barn har vorte vaksne og «rekrutteringa» har stoppa opp.

Ein av ungdomane som var med, Marius Bergersen, møtte kallet til misjonæreneste på barneklubben. Han og kona Karoline er no utsendingar for NLM i Japan.

Me har mykje og takka for, og vonar det kan leggja seg til rette med nye samlingar for barneklubben i framtida.

ODDVAR TORGET

# FUSJON SKAL GI BEDRE RADIO

Tre lokalradioer blir til pTro.

TEKST BJØRN STEINAR HAUGLAND

Radio Sørvest, Gimlekollen Radio og Radio Gnisten går sammen og blir til pTro. Målet er at kvaliteten skal oppleves bedre for lytterne.

**BEDRE RADIO.** – Fusjonen mellom de tre radioene håper vi kan føre til at enda flere lytter på oss, og at vi kan lage enda bedre programmer med en samkjørt radio, sier styreleder for pTro Erik Waaler. Han tror at fusjonen styrker radioen for fremtiden ved å stå sammen. En vil jobbe for å nå lyttere som er aktive i en menighet, bedehus og kirke, men også de som ikke går noen steder.

**STØRRE DEKNINGSOMRÅDE.** Overgangen fra analog til digital radio har endret radiomediet. DAB-sendernettene, som Radio Sørvest er på, dekker et mye



Styreleder i pTro Erik Waaler ønsker å få med flere radioer i NLM i fusjonen.

FOTO: NLA

større geografisk område enn FM-nettet. I dag kan en høre sendingene helt til Bergen sør. Dette gjør at sendernettene overlapper DAB nettet i Bergen. Lokalradioen kan da oppleves mindre lokal siden en når langt utenfor området en tidligere sendte på.

**ØKONOMI.** – Lokale saker er viktige, men vi må dekke det på en slik måte at lyttere andre plasser i Norge kan ha utbytte av å

høre på, sier Waaler.

I arbeidet med fusjonen har økonomien vært en vesentlig faktor. En håper at ved å samle virksomheten til de tre radioene vil det gi bedre økonomi.

– Håpet er at vi kan bli enda større slik at vi kan lage enda bedre radio i fremtiden. Vi ønsker at flere radioer i Norsk Luthersk Misjonssamband blir med i fusjonen, sier styreleder i pTro Erik Waaler.

## KONGSHAUG MED MESSIAS-KONSERT

Søndag 18. mars holdt Kongshaug Musikkgymnas konsert i Nore Neset kirke. En fantastisk opplevelse - og inngang til påsken for oss som fikk være der.

Händels Messias er kanskje det mest kjente korverk som finnes, og det tar oss med inn i bibelens Messias-profetier, til Jesu fødsel, hans død og oppstandelse.

Solister og orkester var forsterket med ansatte og tidligere elever.

Rektor og dirigent, Oddvar Rotvik, sier at dette er en musikk-



Kongshaug Musikkgymnas, forsterket med ansatte og tidligere elever, fremførte Händels Messia i inngangen til påsken.

FOTO: KONGSHAUG

stil som for mange av dagens ungdom er nytt landskap, og kan virke vanskelig og uvant. Men etter mye øving og terping, hjerte og smerte, kommer musikken og tekstene til å leve med oss resten

av livet som en kilde til glede og innsikt i hvem Jesus Kristus er.

Vi som var til stede på disse to fullsatte konsertene fikk høre, se og kjenne på dette.

ANKER GUNNAR TUROY



Viktig å lære samarbeid.

FOTO: TROND KRÅVIK

## UNGLEDER NORGE

Har du lyst til å være med og skape gnist og engasjement rundt deg?

UngLeder Norge ble lansert i fjor høst og i Region vest har en tre oppstartede grupper med samling en gang i måneden. To av disse er på Sygna i Balestrand, og en er i området Førde/Florø.

Med ledertrening ønsker vi å skape gnist og


engasjement rundt det å være med og bidra inn i det kristne fellesskapet og arbeidet.

Sjekk ut [www.ungleder.no](http://www.ungleder.no) om du er interessert! UngLeder fungerer som en kjemperessurs inn i arbeidet og tjenesten en står i. Vi drømmer også om at det kan være med og tenne et engasjement der en bor.

LARS AARSETH

### UNGLEDER NORGE

- 2 lederutviklere
  - 5-10 deltakere
  - 19-25 år eller 15-18 år
  - Gruppesamlinger over 1 til 2 år
  - Ferdige gruppeopplegg med undervisning, case, refleksjon, oppgaver med mer
  - Opplæring og oppfølging av ledeutvikleren
- Nettadresse:  
[www.ungleder.no](http://www.ungleder.no)



### SOMMERFEST I SÆTERVIKA

Velkommen til sommerfest i Sætervika søndag 17. juni

Taler: Osvald Hindenes  
Kl. 12.00: Familiemøte  
Salg av middag og kaffe  
Kl. 15.00: Møte

FOTO: ARKIV NLM REGION VEST



## FELLESREISER TIL GF

Bli med på NLM's generalforsamling som arrangeres på Oslofjord Convention Center (OCC), Melsomvik i Vestfold fra 3. til 8. juli.

### FRA BERGEN OG HAUGESUND 3. JULI

07:00 Hotel Terminus, Bergen  
07:45 Halvhjem fergekai  
08:30 Leirvik, Stord  
09:30 Haugesund bussterminal  
10:30 Etne  
12:00 Røldal  
13:30 – 14:15 Vinje kro  
15:00 Seljord  
17:30 OCC

### TIL BERGEN OG HAUGESUND 8. JULI

13:00 Avreise fra OCC  
15:30 Seljord  
16:15 – 17:00 Vinje kro  
18:30 Røldal  
21:00 Haugesund  
22:00 Leirvik, Stord  
23:59 Bergen

**Priser: Fra Bergen:** kr. 1 300,- inkl. fergetug og middag på Vinje kro 3/7

**Fra Stord og Haugesund:** 1 100,- inkl. middag på Vinje kro 3/7

**Etter Vinje kro:** 750,-

**For påmelding og mer informasjon**

**kontakt:** Plussreiser AS, tlf. 70 17 90 00 / e-post: [post@plussreiser.no](mailto:post@plussreiser.no)

### NYE ANSATTE I SALEM MISJONSKIRKE

Forsamlingsutvikler (50%) Kristin Sætre Odeh og Barne- og familiarbeider (60%) Jorunn Bergo Aarvik i Salem misjonskirke, NLM Bergen har gått ut i permisjoner. I denne anledning har Salem ansatt David Skutlaberg (50%) som vikar for Kristin frem til juni 2019. Synnøve Steine, barneleder (20%) og Andreas Skjelde, Ten-arbeider (30%) er ansatt som vikarer for Jorunn ut 2018. Vi gleder oss over at disse tre har takket ja til å være med på laget.

NLM BERGEN



# CROSSROAD

Midnattsbandy, festkveld, tur til Lustrabadet og Sogn Skisenter og Crazy games var noko av det Crossroad-deltakarane fekk oppleve då ungdommar frå heile Sogn og Fjordane var samla til leir på Lyngmo. **FOTO: ENDRE HILLEREN**

Crossroad 2018 er ei ny storsatsing i leirarbeidet på Lyngmo.

TEKST **SONDRE JOHANNES ORRESTAD**

Crossroad er eit samarbeid mellom NLM Region Vest og Sogn og Fjordane Indremisjon. Saman eig me Lyngmo, og saman ynskjer me å fortelje born, unge og gamle om Jesus.

I februar var over 80 deltakarar og leiarar samla på Lyngmo. Det er fantastisk å oppleve ungdommar frå heile Sogn og Fjordane samla til leir. Det kom deltakarar frå Sogndal, Luster, Balestrand, Årdal, Florø, Førde, Bygstad og mange fleire bygdar.

**ÅNDELEG PÅFYLL.** Aktuell og spennande forkynning av Ingvild Hellenes og eit dyktig lovsongsteam gjorde at ungdommane fekk mykje og godt åndeleg påfyll. I tillegg hadde leiarane planlagt rikeleg med kjekke aktiviteter. Det var Midnattsbandy, festkveld, tur til Lustrabadet og Sogn Skisenter, Crazy games og som vanleg mykje god mat. Ungdommane sette også tydeleg pris på at Lyngmo var rigga med ekstra lyd- og lysanlegg, noko som løfta songen, musikken og opplevinga fleire nivå.

Ein av deltakarane kommenterer: «Det var veldig moro. Beste eg har vore med på». Det må vera ein god attest på eit vellukka arrangement og ein god inspirasjon til planlegging av neste ungdomsarrangement.

– **UTRULEG BRA.** Ingvild Hellenes frå NLM var hovudtalar på denne leiren, der tema var Crossroad, eller vegkryss om du vil. Deltakarane fekk god undervisning om korleis Gud verkar på dei som vel Han, og at Jesus allereie har utvald oss. Det var god stemning og mange fekk gode opplevingar med Gud.

Evalueringa av leiren viser at me ynskjer å satse på Crossroad også neste år. Då satsar me på endå fleire deltakarar og at leiarar må tilbringe helga i hytter og telt.

«Crossroad er eit utruleg bra opplegg som både er sosialt, kjekt og trusstyrkande. Eg og alle andre hadde det kjempebra på leiren. Veldig bra at det er fleire arrangement for ungdom, det trengs. For min del har slike leirar som Crossroad vore avgjerande for mi tru, og

det å høyre til eit kristent fellesskap.» skriv Ingrid Nordheim som var ein del av lovsangsteamet denne helga.



Sygna vidaregåande skule. **FOTO: ARKIV**

## NYE KRISTNE PÅ SYGNA

Det er veldig kjekt å kunne skrive om elevar som får eit første møte med Jesus. Då Vision-teamet besøkte Sygna vidaregåande skule i mars, opplevde ein fleire elevar som fekk sitt første – eller eit nytt møte med Jesus og som kunne seie at dei no vil kalle seg kristne. Vi ber om forbøn for elevane på Sygna og at endå fleire må få møte den oppstadne Jesus Kristus.

**FRODE BØTHUN**



Jakob Friberg (7 1/2) skal på leir.

FOTO: PRIVAT



Jonatan Olsen (12) skal på leir.

FOTO: PRIVAT



Jonatan Hurthi (15) skal på leir.

FOTO: PRIVAT

## INSPIRASJONS- HELG FOR KVINNER

16.-18. september 2018  
vert det igjen Inspira-  
sjonshelg for kvinner i  
Sætervika.

Her kjem forkynnar  
og sjelesørgar Rita  
Aasen og Turid Toft  
Amenya.

Me gler oss til bibel-  
timar, misjonsglimt og  
mykje god mat.

Ei helg til fornying  
og avslapping for kropp  
og sjel saman me kjen-  
de – og menneske du  
ikkje kjenner ennå.

NLM REGION VEST

# 3 SPØRSMÅL OM LEIR

Lurer du på hvorfor disse gutta skal på leir til sommeren?

### JAKOB FRIBORG, 7 1/2 ÅR

- Skal du på leir i sommer?
- Ja!
- Hvorfor reiser du på leir?
- Fordi det er gøy og vi kan lære mer om Jesus.
- Hva er det kjekkeste med leir?
- Å leke med nye venner, å være i gymsalen og å sove på rom med andre.

### JONATAN OLSEN, 12 ÅR

- Skal du på leir i sommer?
- Ja, eg skal på leir på Skilbrei.
- Hvorfor reiser du på leir?
- For å høyre om Jesus.
- Hva er det kjekkeste med leir?
- Alt. Men bibelsamlingane kjem høgt opp på lista

### JONATAN HURTHI, 15 ÅR

- Skal du på leir i sommer?
- Ja! Eg tenker i alle fall å dra på UL! Men satsar også på sommerleiren på Lyngmo om eg ikkje er vorten for gammel! Håpar å få være

leiar på ein av barneleirene på Lyngmo (som er verdas finaste leirplass!)

- Hvorfor reiser du på leir?
- Eg reiser på leir for eg synest det er ekstremt morsomt med masse aktivitet og sosialt og ein får enormt med venner. Eg reiser også på leir fordi eg har så mange gode minner frå tidlegare leirar! Eg har så mange grunner til å reise på leir! Men den beste er at ein får eit godt påfyll i den kristne tru som ein kan brenna lenge på! Så det å reise på leir anbefaler eg på det sterkaste.
- Hva er det kjekkeste med leir?
- Det aller kjekkeste med leir er vanskeleg å beskrive. Men det må vere det enorme fellesskapet, ein blir liksom så sammensveisa og folk gler seg til neste leir nesten før den første er slutt! Det er også ekstremt gøy med alle dei kule leiarane som stiller opp frivillig og finn på masse sprell!

## ARRANGEMENTSKALENDER 2018

KLIPP UT  
OG HENG PÅ  
OPPSLAGSTAVLEN

### LYNGMO

09.-12.05	Sykkelleir	Menn
28.-31.05	Vi over 60	Vaksne
08.-10.06	Sommarleir	4.-7. klasse
15.-17.06	Sommarleir	2.-4. klasse
25.-27.06	Sommarleir	7.-10. klasse
08.-15.07	Bibelsommar i vest	Alle
14.-16.09	Internatmøte for kvinner	Vaksne
28.-29.09	Loppemarked	Alle

### SÆTERVIKA

15.-17.06	Maksleir I	2.-4. klasse
17.06	Sommarfest	Alle
22.-25.06	2Be Sommar	8. klasse +
28.06-01.07	Tweensleir	5.-7. klasse
06.-08.08	Maksleir II	2.-4. klasse
09.-12.08	Tweensleir action	5.-7. klasse
16.09	Sætervikabasaren	Alle
16.-18.09	Inspirasjonshelg for kvinner	Vaksne

### SKILBREI/FJORDANE

01.-03.06	1.-4. klasseleir	1.-4. klasse
15.-17.06	4.-7. klasseleir	4.-7. klasse
08.-10.06	Tabu, Friborgneset	8. klasse +
24.-29.07	Tabu, fellesreise UL	15 år+
24.-26.08	Tabu, Teigen	8. klasse +
29.-30.09	Bibelhelg, Innvik	Alle

### REGIONARRANGEMENT

24.-29.07	Fellesreise til UL Kongeparken	15 år +
-----------	--------------------------------	---------